

VOLDA

FILMKLUBB

ETAB. 2025

★ ★

HAUST 2026



Stand by Me – 27. august

Rob Reiner – USA - 1986

Stephen King-adapsjonen *Stand by Me* er ein varm og vemodig film om fire gutar som drar på ein tilsynelatande enkel tur for å finne liket av ein sakna gut. River Phoenix og Wil Wheatons sterke rolletolkingar gjer den til ei medrivande oppleving – du vil både snufse og le deg skakk. "If I could only have one food to eat for the rest of my life? That's easy. PEZ. Cherry flavor PEZ. No question about it."



Team Hurricane – 27. august

Annika Berg – Danmark - 2017

Ein sterkt stilisert og punka coming-of-age-film som miksar fiksjon og dokumentar: einsemd, «pussy-power», Kawaii, elektrisk grønfarge, hentai, graffiti, vibratorar, vennskap, teddybjørnar, «resting bitch face», KUNST, eld, frykt, tyggegummi, mamma og pappa, anoreksi, kaktusar, heimelaga piercingar, neglekunst, kirsebær, sjølvskading, delfinar, Lolita, hemmelege dagbøker og dagdrøyming. *Radical Girls in an Ordinary World*.



It Happened One Night – 17. september

Frank Capra – USA - 1934

It Happened One Night er ein av Hollywoods store screwballkomediar – kvikk, sjarmerande og full av skarp dialog. Clark Gable og Claudette Colbert er i storform som høvesvis journalist og millionærdotter på rømmen som møtast på ein nattbuss frå Miami til New York. Ho har rømt frå faren som har annullert ekteskapet hennar, og journalisten luktar ei god historie frå sosieteten. Dei blir hengande saman på reisa, og blir – sjølvst – etter kvart motvillig forelska i kvarandre.



Tampopo – 24. september

Jūzō Itami – Japan - 1985

“Ramen Western”. I denne humoristiske hyllinga av matglede hamnar to lastebilsjåførar i ei nedsliten sjappe langs vegen som serverer ramen-nudlar. Eigaren, Tampopo, ber dei om hjelp til å forvandle staden til eit prakteksempel på ein ramenstad. Filmane til Itami er ofte varme og leikne, og gjer humor ut av ordinære ting. Tampopo er ikkje noko unntak, og er ein feelgood-komedie i ypperste kvalitet.



La den rette kome inn – 22. oktober

Thomas Alfredson – Sverige - 2008

Tolv år gamle Oskar er einsam og blir mobba på skulen. Når ei mystisk jente flyttar inn ved sida av, oppstår eit uventa vennskap mellom dei to. Men Eli er ikkje heilt som andre barn. La den rette kome inn er ei blanding av skrekkfilm, kjærleikshistorie og coming-of-age, og er ein overraskande rørende film om einsemd, vennskap og behovet for å høyre til.



Frankenstein – 22. oktober

James Whale – USA - 1931

Det gotiske meisterverket til Mary Shelley har blitt filma utallige gongar, men ingen versjon slår engelskmannen James Whale sin. Frankenstein (1931) er ein av dei store klassikarane til skrekkfilmen, med Boris Karloff i ei av dei mest ikoniske rollene gjennom tidene som monsteret. Filmen er mørk og gotisk, men òg menneskeleg og tankevekkjande.



Hustruer – 23. oktober

Anja Breien – Noreg - 1975

Heidrun, Kaja og Mie, tre vaksne veninner frå skuledagane, treff kvarandre igjen på ein gjenforeiningsfest. Festen er over, men jentene held fram med feiringa. Dei tek ein tur på byen og prøver å finne seg sjølv, medan dei lét pliktene i heimen segle sin eigen sjø. Ideen til filmen fekk Anja Breien då ho såg John Cassavetes *Husbands* (1970).



Picnic med døden – 24. oktober

John Boorman – USA - 1972

Fire bykarar vil dyrke kanosporten i vill og urørt natur og padlar gjennom farlege fossestryk i ei elv som snart skal forsvinne i eit damprosjekt. Turen utviklar seg etter kvart til ei manndomsprøve av langt meir marerittaktige dimensjonar enn dei hadde sett føre seg. Dei fire har ikkje berre utfordra seg sjølve, men òg naturen og lokalbefolkninga.



Amarcord – 19. november

Federico Fellini – Italia - 1973

I ein italiensk kystby hamnar unge Titta i trøbbel saman med venene sine, samstundes som han observerer lokale originalar som utfaldar seg i ofte absurde situasjonar. Han hamnar stadig i konflikt med den strenge faren sin, men blir forsvart av den omtenksame mora si, og han er vitne til handlingane til eit breitt galleri av skikkelsar – frå storfamilien og fascistiske tilhengjarar til sensuelle kvinner, der enkelte augneblink glir over i fantasifulle scenario.



Det levande slottet – 17. desember

Hayao Miyazaki – Japan - 2004

Sophie, ein ung hattemakar, blir forvandla til ei gammal dame av ei heks. På vegen for å omgjere forbanninga treff ho på ein kjekk trollmann, ei tjukk heks, ein ilddemon, ein kortpusta hund, ein brutal krig, litt kjærlek og eit omstreifande, levande slott! Dette er ein av dei mest anerkjende filmene til Hayao Miyazaki, og med god grunn. Det levande slottet er fullt av fantasi og idear, og er, som dei fleste Ghibli-filmar, detaljrik og fargerik.

OM VOLDA FILMKLUBB

Volda filmklubb vart starta i september 2025 og har som formål å samle innbyggjarane i Volda til gode filmopplevingar med sosiale og kulturelle innslag, og på tvers av generasjonar frå 15 år og oppover.

Volda er nasjonalt kjent som mediebygda, med utdanning innan mediefag og film både på vidaregåande skule og høgskulen. Samtidig er det svært få tilbod som skapar møteplassar på tvers av generasjonar for medie- og filminteresserte i bygda. Det vil vi gjere noko med!

Volda filmklubb er ein ideell organisasjon tilknytt Norsk filmklubbforbund. Vi samarbeider med Volda filmteater om visningar. I det utvida styret og programrådet for Volda filmklubb sit medlemmar frå ungdomsklubben i Volda, Volda vidaregåande skule, studentar, tilsette og pensjonistar ved Høgskulen i Volda. Vi vil invitere til å oppleve og diskutere filmar som ikkje blir sett opp på vanleg kino, og som har hatt historisk og kulturell betydning både lokalt, nasjonalt og internasjonalt.

MEDLEMSKAP OG SESONGKORT

Medlemskap er gratis, men du må du vere medlem for å sjå filmene til Volda filmklubb. Du registrerer deg på filmklubbmedlem.no/register.

- Du kjøper billett på normalt vis på nettsidene til Volda filmteater: voldafilmteater.no/volda-filmklubb
- Skal du ha enkeltbillett betaler du kr. 110 per visning. Har du sesongkort vel du gratisbillett.
- **OBS!** Sjølv om du har **sesongkort** må du booke plass i kinosalen ved å «kjøpe» gratisbillett.
- Med **sesongkort** får du sjå alle filmar i den aktuelle sesongen gratis, det kostar 500 kr for vaksne og 250 kr for studentar. Ungdom som er skuleelevar over 15 år får gratis sesongkort.
- Kjøp **sesongkort** ved å vippse til #30985.

Sidan vi er ein rimeleg nystarta filmklubb håper vi at flest mogleg kjøper **sesongkort**!

Har du ikkje Vipps?

Ta kontakt med oss på epost: voldafilmklubb2025@gmail.com så fiksar vi det!

MEIR INFO

Du finn meir informasjon på nettsidene våre, mellom anna detaljar om opplegg rundt dei ulike visingane.

Vi finst også på både Facebook (@voldafilmklubb2025), Instagram (@voldafilmklubb) og TikTok (@volda.filmklubb).

www.voldafilmklubb.no

